



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE



Foto: Christian Brekke

Miljøfyrtårn 2030

Strategi for fylkeskommunen sitt arbeid

Vestfold og Telemark fylkeskommune har mål om å innføre synleg miljøleing i heile organisasjonen. Miljøfyrtårnsertifiseringar av vidaregåande skular, tannhelseklinikkar og fylkeshus er eit viktig verkemiddel. I praksis tyder det å legge til rette for meir miljøvenlege kontorlokale, klinikkar og klasserom med vekt på arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibalanse og gjenbruk.

Dette vil vere eit viktig bidrag til utsleppsmåla for fylkeskommunen si eiga drift, og eit bidrag til fylket sitt overordna målsetting om 60 prosent reduksjon i utslepp av klimagassar innan 2030, samanlikna med 2009. Aktiv bruk av miljøsertifiseringar i organisasjonen bidrar også til å oppfylle FN sine berekraftsmål 12 om ansvarleg forbruk og produksjon og berekraftsmål 13 om å stoppe klimaendringane.

Desember 2021

Oppfølging av FN sine berekraftsmål

Mål 12: Ansvarleg forbruk og produksjon gjennom å sikre berekraftige forbruk og produksjonsmønster

Fylkeskommunen bidrar gjennom å utvide bruk av miljøsertifiseringar, jobbe for miljøvenlege kontorlokale, tannhelseklinikkar og vidaregåande skular.

Mål 13: Stoppe klimaendringane

Fylkeskommunen bidrar til å stoppe klimaendringane gjennom å få kontroll på eigne utslepp ved å utarbeide klimabudsjett og klimarekneskap og bruke Miljøfyrtårn som verkemiddel.

Vestfold og Telemark fylkeskommune sine prioriteringar fram mot 2030

Forankring

- Hovudkontoret skal orientere om aktivitetane i Miljøfyrtårn i årsrapporten.
- Fylkeskommunen skal forankre Miljøfyrtårn-arbeidet i den administrative leiinga i organisasjonen.
- Fylkeskommunen skal oppleve å vere eit synleg Miljøfyrtårn for tilsette og elevar.

Samhandling og kompetansedeling

- Hovudkontoret skal bidra til å samordne klimarapporteringa og rapporteringa til Miljøfyrtårn i samråd med driftstenestene.
- Hovudkontoret skal bidra til å legge til rette for samhandling mellom drift og tenestene i fylkeskommunen elles.
- Hovudkontoret skal legge til rette for enklare rapportering for skulane, tannhelseklinikkane og fylkeshusa i samråd med driftstenestene.
- Hovudkontoret skal legge til rette for rettleiing i samband med rapportering, sertifiseringsprosessane og resertifiseringsprosessane.
- Fylkeskommunen skal bidra til å synleggjere miljøprestasjonane til skulane, tannhelseklinikkane og fylkeshusa.
- Hovudkontoret skal bidra til å formidle Miljøfyrtårn-arbeidet i etablerte fagnettverk og legge til rette for erfaringsutvekslingar i organisasjonen.
- Fylkeskommunen skal profilere statusen som sertifisert Miljøfyrtårn internt og eksternt.

Innkjøp

- Fylkeskommunen skal vere ein klimamedviten innkjøpar som sidestiller økonomi og miljø i komande innkjøp og rammeavtaler.
- Fylkeskommunen skal strekke seg etter å nytte lokale leverandørar ved innkjøp av varer og tenester, der det er mogleg.
- Fylkeskommunen skal påverke leverandørar, ved framtidig inngåelse av rammeavtaler ved å stille felles miljøkrav.
- Fylkeskommunen skal påverke leverandørar og stille miljøkrav, når nye rammeavtaler blir inngått.
- Fylkeskommunen skal nytte erfaringar frå COVID-19 i samband med tenestereiser, forbruksmaterieill o.a. som kan redusere CO₂-avtrykket.

Vidaregåande skular, tannhelseklinikkar og fylkeshus

- Fylkeskommunen skal sertifisere vidaregåande skular, tannhelseklinikkar og fylkeshus innan 2030. Halvparten av tannhelseklinikkane skal vere sertifiserte innan 2024. Fire gjenståande vidaregåande skular skal bli sertifisert i løpet av 2022. Fylkeshuset i Skien står att å sertifisere. Fylkeshuset i Tønsberg og Fylkesbakken i Skien er sertifisert.
- Sektor for opplæring og folkehelse skal integrere Miljøfyrtårn-arbeidet i læreplanen for skulane.
- Fylkeskommunen skal vise støtte overfor gode initiativ frå tilsette og elevar.
- Sektor for økonomi, styring og eigarskap skal samkjøre miljømål og handlingsplan på dei ulike fylkeshusa i Tønsberg og Skien.
- Sektor for økonomi, styring og eigarskap skal samordne Miljøfyrtårn-arbeidet med handlingsplanen for helse, miljø og sikkerhet (HMS) for arbeidsmiljøutvalet (AMU) i fylkesadministrasjon.
- Hovudkontoret skal samordne Miljøfyrtårn-arbeidet med handlingsplanane for hovudarbeidsmiljøutvalet (HAMU) i fylkeskommunen.